

SMU/SU-møte nr 1, skoleåret 2025-26

Klasserommet til 6b, ved skulekjøkkenet på Samnanger Barneskule tysdag
18.november klokka 17:30 – 19:00

Inviterte:

2 elevrådsrepresentanter

Alina S Foss og Embla Hope

Vara: Noah Drevsjø

2 representanter for undervisningspersonalet:

Esther Nordvik og

Helen Tallis-Reistad

1 representant for andre tilsette:

Henny S. Nordvik

Rektor Eli Kristin Berge, Samnanger kommune

Håvard Tvedterås kommunestyret, Samnanger kommune

Anders Fossmark, Ingrid Rondestveit, Ane Eikeland Prestnes

Fråfall: Alina S Foss.

Agenda:

2025/26-01 Godkjenning av innkalling, sak 06 og 08 går ut. Meldt inn ei sak på eventuelt.

Vedtak: Godkjent innkalling.

2025/256-02 Val av leiar, nestleiar
Leiar: Anders Fossmark
Nestleiar: Eli Kristin Berge
Rektor lagar sakliste og kaller inn til møte. Er i tillegg referent.

2025/26-03 Orientering om oppgåver til SU/SMU v/rektor
(samarbeidsutvalet, skulemiljøutvalet)

Samarbeidsutvalet er representantar frå føresette, elevar, undervisningspersonale, andre tilsette og representant frå kommunen, der den eine er rektor. Foreldrerepresentantar bør vera frå FAU og den eine kan vera FAU leiar. Samarbeidsutvalet kan ta avgjerd på vegne av alle elevar, etter drøfting og innspel frå td FAU.

God nettside der ein finn meir informasjon om kva saker som høyrer til SU/SMU sitt organ, finn ein på FUG.no.

2025/26-04 Budsjett Samnanger Barneskule 2026
Samarbeidsutvalget har lovfesta rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen. For at uttaleretten skal bli ivaretatt må budsjettforslag leggst fram for samarbeidsutvalget før endeleg vedtak kan gjerast i kommunestyret. Budsjettet bli drøfta i møtet. Det føreligge ikkje sakspapirer ved innkallinga.

Orientering om budsjett 2026:

Budsjettet for 2026 er likt som for 2025, indeksskorrigert. 198 elevar ved barnskulen (1.okt 2025) – budsjettert med 200 elevar til neste år. Det er 32 elevar som skal byrjar på skulen hausten 2026, går ut 29.

SFO (1. okt 2025) 63 elevar – budsjettert med over 60 elevar til neste år. Skulen planlegg for ei teneste med høg kvalitet og har difor ulike program for pedagogisk utviklingsarbeid. Me har satsingar på lesing i alle fag, godt digitalt utstyr, godt arbeidsmiljø/skulemiljø og utemiljø.

Utfordringar: Halda fram med å få tak i godt kvalifiserte lærarar. Skulen har framleis elevar frå Ukraina. Ressurs for å få til god språkstøtte er lagt inn i budsjett. Når det gjeld lærarnorm ligg me på rundt 16 elevar pr lærar for 1.-4.trinn. Lærarnorma er 15, så altså litt over. For 5.-7.trinn ligg me litt under, der er lærarnorma 20 elevar pr lærar. Dette vil svinga frå år til år, grunna ugjevne tal årskull elevar i kommunen. Skal ein få til endringar med fleire elevar i kvar gruppe, må skulen endra romstorleiken på klasseromma. I dag har me klasserom med ulik storleik.

Vedlikehald av bygg ligg på eining teknisk. Me ynskje svært gjerne at dette blir prioritert og at ein held fram med å få skulen universell. Det betyr dørpumper på alle dører og god tilgang til alle rom for alle. SFO er open frå 07:00 – 08:30, og etter skuletid til 16:30. I tillegg tilbyr me ope SFO i haustferie/vinterferie og fleire veker om sommaren. Det er eit godt tilbod for elevane og føresette i kommunen.

Alle elevane har ein digital einheit. Dette krev og fornying. Elevane får i dag crombook i 1.-3.trinn. Alle elevar som byrjar på 4.trinn får ny pc. Alle elevar har og tilgang til sitt eige headsett. Dette er ei god ordning. Flott at dette er teke med vidare i 2026 budsjettet.

Eit spenningspunkt i vegen vidare er om kommunen tenke same skulestruktur som no, eller om det kjem endringar i nær framtid. Elevtalet går ned og me ser at skulestruktur er på agendaen på politiske arena.

Barneskulen har i mange år arbeidd med å betra uteområdet til skulen. Barneskulen, med brei involvering av elevar og tilsette held difor fram arbeidet med å få laga ei skisse over eit utemiljø rundt skulen som sikrar leik og moro for elevane. Når planen er på plass, kan me jobba vidare mot framtidige budsjett for å sikre oss midlar til eit flott og aktivt utemiljø på skulen.

Eit anna prosjekt som er i startgropa er Grendahagen. Det var løyva pengar til dette prosjektet i 2024. Dei vart dessverre ikkje brukt eller teke med vidare. Målet vårt er at me får til eit

flott uteområde, der begge skulane i Samnanger kan nytta til leik og læring.

Vedtak: SU/SMU tek informasjon om budsjett til eininga, til orientering. Det ligg ikkje inne nedskjeringar. Skulen har fått same ramme som i år. Det er eit budsjett skulen har som mål å halde og kvaliteten til tenesta skal vera god. Me kjenne oss heldige at me får halda fram som no. Det er framleis eit stramt budsjett, så me har ikkje råd til å sløsa noko bort. Alle positive til prosjekt Grendahage, og ein ynskje å få sett av pengar igjen til dette, på 2026 budsjettet. Rektor tar det med vidare.

2025/26 – 05

Trygt og godt skulemiljø - orienteringssak.

Orientera om handlingsplan Trygt og godt skulemiljø, godteke av Statsforvaltar 25.09.2024, etter eit tilsyn. Me arbeidet no med implementering av planen i vårt arbeid med eit godt og trygt skulemiljø for alle våre elevar. Den årlege elevundersøkinga blir gjennomført i perioden 20.10 - 14.11.2025. Resultat frå den kjem på eit seinare møte.

Representantar frå elevrådet orienterer om korleis dei oppleve skulemiljøet sitt. Ho oppsummerer tilbakemeldingar frå trinn 5.-7. på fylgjande måte:

- Me har det generelt bra på skulen, dei fleste elevane trivst.
- Me ønsker oss eit meir variert og kjekkare utemiljø, ynskje oss basketball bane, større mål på grusbanen, nett som fangar basketballkorg ved ballbingen, zipline, klatreområde/hinderløype, fleire sitjegrupper/benker, portdører ved sykkelskuret somkan låsast

Elevane har som mål å greie ta vare på tinga på skulen og bli flinkare til å finne på kjekke ting i friminutta.

Danningsmandat	Individuelle behov
Å finna seg sjølv i ei interesse/eit fag	Tilpassa skuledagar til den einskilde sine ynskje og behov
Å møte noko som er vanskeleg og ukjent	Å gjera det ein er interessert i og motivert for
Å tåle motstand og motgang	Å senka forventningar
Å tåle at noko er kjedeleg	Å finna alternative løysingar til ulike individ
Å ha høge forventningar	At nokon bryr seg om kva eg vil.
Tåle at mine behov ikkje er dei viktigaste.	

Prosjekt Grendahagen. Det blir ei kort orientering om planane for korleis gjennomføre den og målsetjinga for dette prosjektet.

Juleforestilling for føresette blir 11. desember på dagtid. Kjem tilbake til klokkeslett. Heimane skal få invitasjon. Repr. Frå FAU blir bedt om å vera parkeringsvakter i høve arrangementet.

2025/26 – 06

First Lego League, utset til neste møte:

*Elevar på trinn 6 og 7 har denne hausten delteke prosjektet kalla First Lego League. Det er 3. året Samnanger barneskule deltek. Laurdag 8. november er det finale på Tysnes. Alle elevane på 6 og 7 får delta og har ei rolle. For dette arbeidet får dei kompensert **ein ekstra dag fri**. Dei av elevane som ikkje er med denne laurdagen, har ikkje «dag til avspasering». Dei har då vanleg undervising på skulen. Kva dag skal det vera? Tilsette og elevar på trinn 6 og 7, kjem med eit forslag me kan vurdera i møte.*

Vedtak: Utset saka til neste møte. Tilsette og elevar på trinn 6 og 7 skal drøfte dag i mellomtida og koma med forslag til felles avspaseringsdag, våren 2026

2025/26 -07

Saka går ut.

I skuleruta for skuleåret 2025-2026 ligg det inne ein utviklingsdag/planleggingsdag for lærarar, der elevane har fri, fredag 30.01.2026. Tilsette ved skulen ber om at denne dagen blir ein vanleg skuledag og at elevane heller får ein elevfri dag siste skuledag 19. juni 2026. Ein byter elevfri dag, slik at tilsette kan få ein utviklingsdag/planleggingsdag fredag 19. juni i staden for i januar.

Vedtak: Tilsette ynskje utviklingsdag som oppsett i gjeldande skulerute, altså 30.01.2026.

2025/26 - 08

Skuleruta for skuleåret 2026-2027

Skal til handsaming i kommunestyret i desember. Forslag til skulerute ligg vedlagt.

Vedtak: SU/SMU kan ikkje handsame denne saka i dag. Sjå under for saksgang. Skuleruta skal først handsamast i kommunestyret den 11.12.2025. deretter kjem den ut på høyring og SU/SMU kan koma med innspel til den. Politisk representant sa at denne saka vart drøfta i OHO den 18.11. Der kom det forslag om at ein handsamer skuleruta med eit administrativt vedtak. Kommunestyret i desember avgjerd om vidare saksgang.

Saksgang i høve til *Framlegg til barnehage- og skulerute 2026/2027* for Samnanger kommune:

1. Framlegg til skulerute 2026/2027 vert lagt fram for OHO 18.11.2025: [Utvalgsmøte](#)
2. Framlegg til skulerute 2026/2027 vert lagt fram for kommunestyret 11. – 12.12.25 og det er kommunestyret som legg framlegg til forskrift om barnehage- og skulerute på høying.
Når kommunestyret har lagt framlegg til forskrift ut på høyring, på Samnanger kommune sine heimesider som i fjor, inkluderer de tilsette og føresette i einingane.
3. Høyringsperiode **11.-12.12.25 – 09.01.2025.**
4. Høyringsuttalar vert lagt til grunn for eventuelle justeringar før forskrift om barnehage- og skulerute 2026/2027 vert vedteke i kommunestyret per februar 2026.
Etter at forskrifta er vedteke skal den publiserast på Lovdata som i fjor, ref. ny opplæringslov: [Forskrift om barnehage- og skulerute 2025/2026, Samnanger kommune, Vestland - Lovdata](#)

2025/26 - 09

Eventuelt

Ber om ein møteoversikt for dette skuleåret.

Vedtak: Rektor får møtekalender for 2026 av politisk representant etter at den er klar i desember. Rektor lagar ein møteplan for SU/SMU etter det og sender ut til medlemmer i SU/SMU. Ein ønsker møteplan for resten av skuleåret 2025-2026 samt for første halvår av skuleår 2026/2027.

Møter kan starte klokka 17:30, ev litt seinare om det kjem etter FAU møte. Me legg opp til ca 3 SU/SMU møter pr. skuleår.